



Dei 13 førsteklasingane spente og klåre for skulegangen: Foran sit, frå høgre, Hans Magnus S. Kårstad, Torstein Myklebust, Mats L. Eik, Jakob Taranger og Joakim Myklebust. Bak står, frå høgre, Hanne T. Hauge, Hilde Legland, Adrian Storøy, Anine Enes, Merethe Myklebust, Ann Helen Rød, Ronya Lakselv og Veslemøy Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 13 førsteklasingane som kom til den første skuledagen sin på Uskedalen Oppvekstsenter torsdag morgon bobla over av sommar-opplevingar.



Førsteklasingane på plass i klasserommet sitt. Til høgre sit ein spent Hans Magnus S. Kårstad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein hadde vore i Hunderfossen Familiepark, ein annan på Langedrag, ein tredje i dyreparken i Kristiansand og ein fjerde i Seljord.

Dei nye elevane retta disiplinerte handa i veret i tur og orden og lærarane Hilde Bringedal og Brit Arnesen hadde si fulle hyre med å halda orden på talar-rekkja. Her var ingen sjenanse til stades. Hilde og Brit var tydeleg imponerte over dei nye elevane og dei frammøtte foreldra var forståeleg nok stolte som hanar.

Foreldra vart og imponerte over lærar Hilde då ho kunne navna på alle elevane allereie første dagen!

Både dei unge og dei eldre førsteklasseaktørane var med andre ord svært godt førebudde – frå barnehagen, deltaking i utedagar og dei to førskuledagane.

Men det var ikkje berre sommarminne førsteklasingane helst ville inn på. Ein av dei la fram eit problem som han sikkert hadde grunna på: - Eg likar ikkje å ta blodprøve, sa han.

- Det skal du sleppa her på skolen, var svaret.

- Eg skal lesa for dykk, dykk skal få leike inne og ute, vitja hallen, eta frukost på Sanden og få ei oppgåve. Slik summerte lærar Hilde opp dagen for dei 13. Oppgåva gjekk naturleg nok ut på å teikna noko som hadde vore kjekt i sommarferien.

- Og no skal lærarane fylgje med dei 13 oppover i klassane, spurde **uskedalen.no** dei to lærarane.

- Nei, slik er det ikkje lenger, var svaret.

Av Ola Matti Mathisen



Seinare på dagen var også førsteklassingane på Sanden, der Spar inviterte på frukost ved skulestarten. (Foto: Ola Matti Mathisen)